

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Maria bodskapsdag - 22. mars 2015

Preiketekst: Luk 1, 46-55

Lesetekst I: Jer 33,14-17

Lesetekst II: Ef 1,3-6

Dag for Kristusfest

Dagen som overlevde reformasjonen

Maria bodskapsdag er i fastetida. Men tematisk har den jo ingenting med faste å gjera. Dagen er lagt her, for å understreka det fysiske naturlege, at bodskapet om, og løfte til Maria, kom ni månader før Jesu fødsel.

Ein kan vel spekulera på om dagen kunne vera for "katolsk" til å overleva reformatorane sin iver til å renska ut helgen- dyrking og slike minnedagar. Men denne dagen overlevde, fordi ein innsåg at her dyrkar vi ikkje helgenar, heller ikkje jomfru Maria. Men vi held Kristus- fest. Og snakkar fram den sida ved Jesus, at han også er sant menneske. I vår kyrkje og læretradisjon har altså dagen ikkje vore til "Maria- dyrking", men til å feira at Kristus kom til vår jord.

Litt meir spekulative momenter er det kan hende at det er tid for vårjamndøgn, der nytt liv spirer fram, også i naturen. Dateringa stemmer også godt med Johannes døyparens alder, som kjent var han var seks månader eldre enn Jesus, og fødd 24. juni - St. Hansdagen (Luk 1,36f).

Lesetekstane

Profetens bodskap lovar ei ny tid for folket. "- spira fram ei rettferdig spire" (v.15).

Efesarbrevets bodskap er også lett å linka til dagens bodskap og karakter: Gud har funne ei løysing, gjort eit val, og utsett sitt offerlam, frå før verda var grunnlagt. Det er altså Herrens eiga underfulle løysing vi her høyrer om, i dag!

Til det høyrer vår lovsang og takk (Ef 1,3 Velsigna vere Gud...)

Preiketeksten

Ver obs på at vi har fleire poetiske avsnitt i Luk 1: Engelens bodskap til Sakarja, v.13-17. Og engelens bodskap til Maria, v. 30-33 (+v. 35). Så kjem to lovsongar: Marias lovsong, v 46-55. Og Sakarjas lovsong, v. 69-80.

Dei kan gjerne haldast saman, men ikkje blandast i hop!

Vår tekst er altså frå Marias lovsong.

Det er eit svært kjent, og flott avsnitt. Både reint poetisk og når det gjeld innhald. Og når det gjeld teologi.

Sterke uttrykk

Sjå etter, og bokfør, for deg sjølv, kor mange sterke, innhaldsrike uttrykk det er i vårt tekstavsnitt:

- Høglovar Herren
- Mi ånd fryder seg i Gud
- sett til si tenestekvinne
- Alle slekter prisa meg sæl
- Store ting har han gjort
- Den mektige
- heilagt er hans namn
- Hans miskunn frå slekt til slekt over dei som ottast han
- Storverk med sin sterke arm
- Spreidde dei hovmodige
- Støytte stormenn ned
- Lyfte dei låge opp
- Metta dei svoltne
- Sende dei rike tomhende frå seg
- Han tok seg av sin tenar, kom i hug si miskunn

Altså, ei lang rekkje med uttrykk som kan nyttast i ei preike, om så er, til tema.

Guds storverk

Andre moment, av meir overordna art, som kan brukast, er slikt som:

1. Gud har kontroll, og vilje.

- a) Frå før verda vart grunnlagt
- b) Han finn løysing etter sin eigen gode (og frie!) vilje (sml. Job 38)
- c) Han har gjort storverk med sin sterke arm

2. Maria høyrer.

- a) I Bibelen er 'høyra' det same som å lytta og å lyda.
- b) Ho stiller seg til teneste.
- c) Takken: Gud er stor, og eg er hans tenar.

Antakeleg er det eit hovudpoeng her, at Maria diskuterer ikkje med Herren. Ho tek imot hans oppdrag, og går lydige inn i hans plan.

På den måten kan vi sjå henne som førebilete for oss.

Takk og lovprising

Og dette er nok dagens eigentlege hovudpoeng: Takk og lovprising til Gud. For han er god, og hans miskunn varer. Frå slekt til slekt. Mot dei som ottast han og trur.

Gud er nådig Gud, over alle grenser nådig. Store ting med mektig arm. Og Gud er heilag Gud. Han støyter dei sjølv gode, rike, ubotferdige ned. Her ligg altså også eit kall til oss om rettferd og miskunn.

Israelsmisjons- perspektivet er jo her det faktum at Gud har valt seg ut eit folk, til å realisera denne underfulle planen gjennom. Også her: For jøde fyrst....

Lukke til med å forkynna dette gode budskapet, og å høyra!

Ole Gunnar Sæbø

Cand.theol. og ordinert prest. Teneste i Indremisjonsselskapet i seks år, så res.kap åtte år i Time, deretter 13 år sokneprest i Marnardal, og 11 år prost i Otredal, Vennesla. Pensjonist sidan 2009. Bur i Feda.

o.g.sabo@online.no